



## Notat

Dato: 12.08.2014  
Arkivsak: 2014/2-41  
Saksbehandlar: adelan

---

**Til:** Hordaland fagskulestyre

---

**Frå:** Fylkesdirektør opplæring

---

### Råd og utval for fagskulesektoren

Det er fleire råd og utval innan fagskulesektoren, og i dette notatet vert det gjeve ein omtale av dei ulike råd og utval som er involvert i og arbeider for fagskulesektoren.

#### Rådet for offentlige fagskoler (RFF)

Rådet for offentlige fagskoler (RFF) er eit koordinerande organ for fylkeskommunale og offentlege fagskular. Rådet har som hovudmål å arbeide med kvalitetsutvikling, samordning av etterutdanningstiltak, marknadsføring og informasjonstiltak. Styret for RFF skal hjelpe Forum for fylkesutdanningssjefar (FFU) i arbeidet med å fremje dei fylkeskommunale fagskulane. Den årlege fagskulekonferansen for dei offentlege fagskulane er i regi av RFF, og det vert også halde årsmøte i samband med konferansen. Kvar fagskule har éi stemme ved årsmøtet.

#### Nasjonalt utvalg for teknisk fagskoleutdanning (NUTF)

Utvalet utarbeider nasjonale standardar for nivå og innhald i fagskoleutdanningar og skal vere eit organ for samhandling mellom utdanningsinstitusjonar, brukarar og næringsliv i dette arbeidet. Utvalet arbeider også med å synleggjere utdanningane i samfunnet. Den nasjonale standarden skal danne eit grunnlag for lokal tilpassing av opplæring, ulike læringsformer og behov i næringa.

NUTF skal sette nasjonale kriterium for teknisk fagskoleutdanning. Utvalet skal utvikle og fastsette nasjonale planar etter anbefaling frå dei næringsretta utvala. Utvalet skal også tilby Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen (NOKUT) eit samarbeid om utvikling av kriteriegrunnlaget for godkjenning. Utvalet kan uttala seg om andre høve som er av nasjonal interesse.

Diverre er ikkje næringa like aktiv i arbeidet med læreplanar som ein skulle ønskt, og arbeidet med generelle læreplanar er hovudsakeleg lærarstyrt.

### Nasjonalt utvalg for fagskuleutdanning i helse og oppvekstfag (NUFHO)

NUFHO er ei frivillig samanslutning av sentrale aktørar innan helse- og oppvekstfaga. NUFHO er eit organ for samhandling mellom tilbydarar av fagskuleutdanning i helse- og oppvekstfag og arbeidsgjevar- og arbeidstakarorganisasjonane for å utvikle, halde oppe og synleggjere ein nasjonal standard for nivå og innhald i fagskuleutdanning i helse- og oppvekstfag. Den nasjonale standarden skal vere retningsgjevande for søknader til NOKUT om godkjenning av fagskuletilbod. Samtidig skal standarden gje grunnlag for lokal tilpassing i høve til næringa sitt behov.

NUFHO skal:

- Sikre utvikling og anbefaling av nasjonale planar for fagskuleutdanning i helse- og oppvekstfag.
- Vere ein samarbeidspartnar for NOKUT, utdanningsmyndigheitene og andre aktuelle fagskulemiljø.
- Arbeide for å utvikle ein felles nettstad for all fagskuleutdanning.
- Uttale seg om andre høve av nasjonal interesse (finansieringsordninga, inntakskriteria, dimensjonering, lokalisering, framtidige behov for kompetanse med meir).

Regionleiar Annbjørg Laupsa er nyleg valt inn som representant i NUFHO på vegner av FFU. Laupsa fungerer for Fylkesdirektør opplæring ved ulike høve og er difor valt som representant for FFU.

### Maritimt utdanningsforum (MUF)

MUF arbeider for dei maritime utdanningane ved å vere oppdatert på tiltak og tilhøve som har interesse for dei maritime utdanningsinstitusjonane. MUF skal arbeide for dei maritime utdanningane, elev/studentane og lærarane sine faglege interesser. Utdanningsforumet skal også arbeide aktivt for å medverke til utviklinga innan maritim utdanning.

Offentlege og private maritime skular, skuleskip, offentlege og private organisasjonar, sjømannsorganisasjonar og maritime utstyrsleverandørar har rett til å verte medlem i MUF. Maritime elev- og studentorganisasjonar må søkje om rett til å bli medlem i Maritimt Utdanningsforum.

MUF vert leia av eit styre som består av fire personar; leiar, nestleiar, kasserar og sekretær. I tillegg vert det valt ein vararepresentant til styret. Styremedlemene vert valt for ein periode på to år. For tida er rektor ved Bergen maritime fagskole og videregående skole styreleiar, medan avdelingsleiar ved studiestaden Austevoll, Håvard Endre Waage, er varamedlem.

### Nasjonalt fagskoleråd (Fagskolerådet, FR)

Fagskolerådet er eit rådgivande organ og er oppnemnt av Kunnskapsdepartementet.

Fagskolerådet skal:

- Bidra til å utvikle rammer og strategiar for fagskuleutdanninga som tek vare på einskilde individ, verksemder og samfunnet sitt behov for yrkesretta kompetanse og livslang læring.
- Fremje fagskulane sine samla interesser som ein sjølvstendig del av utdanningssystemet og stimulere til samordning, samarbeid og kvalitetsutvikling av fagskuletilboda.
- Arbeide for å fremje samarbeidet mellom dei ulike aktørane i utdanningsområdet og bidra til at fagskuletilboda står fram som attraktive utdanningstilbod for arbeidslivet og studentar.
- Arbeide overfor regionale og sentrale myndigheiter for å sikre fagskulane føreseielege og tilfredsstillande økonomiske føresetnader.
- Samarbeid om ein god samanheng mellom utdanningsnivåa
- Bidra til synleggjering av fagskuleutdanninga

Fagskolerådet skal vidare:

- Arbeide for fagleg kvalitet og utvikling av fagskulesektoren.
- Gje råd til sentrale og fylkeskommunale myndigheiter i aktuelle fagskulesaker.

- Vurdere behovet for og presentasjon av informasjon om fagskuleutdanning.
- Ivareta kontakt med arbeidslivet om behovet for og dimensjonering av fagskuletilbod.
- Arbeide for tilfredsstillande og føreseielege rammevilkår for fagskuleutdanningane.
- Bidra til hensiktsmessig og fleksibel organisering av utdanningane og sikre gode studieføresetnader for studentane.
- Foreslå område for forsøk, statistikk- og utviklingsarbeid og forskning innanfor fagskulesektoren.
- Fremje internasjonalisering av og i fagskuleutdanninga.

Fagskolerådet etablerer egne arbeidsgrupper for spesielle formål etter behov og samarbeider med faglege nasjonale utval (til dømes Samarbeidsrådet for yrkesopplæring (SRY), Universitets- og høgskolerådet (UHR), NUTF, NUFHS).

#### Organisasjon for norske fagskolestudentar (ONF)

ONF er ein nasjonal organisasjon for studentar ved fagskulane. Organisasjonen har som formål å fremje fagskolestudentar sine interesser, rettar og vilkår overfor myndigheiter og samfunnet generelt, samt vere eit rådgivande organ for studentane.

ONF vart etablert i 2012 og er soleis ein ung organisasjon. Mykje av organisasjonen sitt arbeid i dag handlar om å byggje politiske nettverk og å danne ein sterk og engasjert medlemsmasse. ONF ønskjer difor å invitera alle fagskular til å verte medlem. ONF har institusjonsbasert medlemskap, det vil seie at skulen som institusjon vert medlem. Det er studentrådet ved den einskilde skule som vedtar om fagskulen skal vere medlem i organisasjonen. Studentane ved skulen vil då vere representert av organisasjonen, og alle studentane kan stille til val som tillitsvald. Om einskilde studentar ved ein medlemsskule ikkje ønskjer å vere knytt til organisasjonen kan ein reservera seg mot medlemskapen uavhengig av studentrådet sitt vedtak. Einskilde studentar kan også melde seg inn i ONF sjølv om studentrådet ikkje vedtar at institusjonen skal ha medlemskap for studentane.

Medlemskontingenten vert rekna ut etter talet på studentar ved skulen og er for tida 50 kr per student per semester. Studentrådet og administrasjonen ved ein skule som ønskjer medlemskap vert oppmoda om å saman utarbeide ein avtale om korleis kontingenten skal verte dekt.

ONF si politiske plattform ligg som vedlegg til denne orienteringa.

#### Fagskoleutvalget (Grundutvalget)

Det er oppnemnt eit offentleg utval som skal gå igjennom fagskulesektoren. Utvalet skal gje endeleg rapport i form av ein NOU seinast innan utgangen av 2014.

- Utvalet skal sjå på korleis det best kan leggjast til rette for at studentar på ein hensiktsmessig måte kan bevege seg mellom fagskular og høgskular og universitet.
- Utvalet skal gjere ei vurdering av kva det betyr at fagskuleutdanninga skal vere yrkesretta.
- Utvalet vil kunne sjå på opptaksgrunnlag, som fagbrev og generell studiekompetanse, samt læringsutbytte.
- Det vil vere aktuelt å endre omgrepet fagskulepoeng etter at utvalet har gjort ein nærare gjennomgang.
- Utvalet skal vurdere dagens finansieringsordning for fagskular og gjere greie for alternative modellar for igjen å innføre statleg finansiering av fagskulane. Minst eitt av utvalet sine forslag til modell skal vere basert på uendra ressursbruk. Forslag til endringar i finansieringssystemet skal fremje effektiv forvaltning.

Utvalet vert leia av professor Jan Grund, og Kunnskapsdepartementet er sekretariat for utvalet.

Følgjande personar er medlem av utvalet:

- Solfrid Lind, administrerande direktør, Oslo
- Ivar Lien, rektor, Gjøvik
- Bård Inge Thun, nasjonal fagskulekoordinator, Stavanger
- Jonny Pettersen, teamleder, Notodden
- Malin Vangsnes, student, Oslo
- Helge Halvorsen, seniorrådgjevar, Oslo (trådd i frå april 2014)
- Trude Tinnlund, LO-sekretær, Oslo
- Johanne Marie Trovåg, studieleiar, Haugesund
- Marta Grongstad, studieleiar, Oslo
- Astrid Kristin Moen Sund, seniorrådgjevar, Oslo
- Trond Bergene, spesialrådgjevar, Oslo
- Kristin Vik, spesialrådgjevar, Oslo
- Stein Kristiansen, fylkesutdanningssjef, Aust-Agder
- Kjersti Grindal, seniorrådgjevar, Oslo

Vedlegg

- 1 ONF - politisk plattform